

Espevær

UFO-RINGEN

Ved Svartaneset på vestsida av Espevær vart det i oktober 1975 funne eit stort ovalt avtrykk på ei skrånande slette, der graset var trykt ned i same retning rundt heile ringen. Avtrykket likna ein 40 centimeter brei stig, og jorda var pressa ned om lag 10 centimeter. Ringen hadde ein omkrins på 64 meter, var 26 meter lang og 16 meter på det breiaste. Framleis er ringen godt synleg i terrenget. Men kva var dette?



Svein Nord

Teoriane har vore mange. Då det tidleg vart avkrefta at eit kjent luftfartøy hadde skapt avtrykket, byrja folk å snakka om at ein uidentifisert flygande gjenstand – ein UFO – hadde landa på Espevær. Andre har hevda at ringen kan ha vore skapt av kulelyn, ein uvanleg type lyn som dukkar opp som lysande kuler. Kulelyn blir ofte sett fram som naturleg forklaring på UFO-rapporteringar, trass i at vitskapen ikkje heilt kan forklara korleis og kvifor slike lyn oppstår. Om lynet har skulda også i dette tilfellet, er mysteriet framleis ikkje løyst: Korleis kan eit lyn skapa runde avtrykk på bakken?

Liknande former som dei på Espevær kan vi somme stader observera på plenar og grasmarker i form av egg- eller hesteskoforma spor i vegetasjonen. Spora minner om ein godt opptrakka stig med daudt gras, men med ei sone med ekstra frodig gras på sidene. Dette fenomenet blir kalla heksering,

og kjem av at einskilde hattsoappar har ein ringforma veksemåte. Sona med frodig gras kjem av at soppen frigjer store mengder mineral som graset gjer seg nytte av, medan soppen har brukt opp næringa i den daude sona. Etter som soppen veks, utvidar ringen seg. Ringen på Espevær har ikkje utvida seg i alle desse åra, og jordprøver tyder heller ikkje på at avtrykket skriv seg frå hekseringsopp.

Mysteriet på Espevær er ikkje løyst. Ingen fagfolk har til no kunna svara fullgodt på korleis ringen vart danna.

 Følg stigen merkt «UFO» frå burtigbåtkaaien.

Hordalands solsikke

Sørvest for Bremnes ligg det gamle fiskeværet Hiskjø.

Landskapet ber er spesielt, med mykje berg i dagen og lite vegetasjon. På vegen ut er det med god grunn ein får assosiasjonar til høgfjellet. Mellom karrige knausar ligg det lynghei og grasbakkar.

Eit gammalt kulturlandskap er halde betre i hevd her enn

det som er vanleg. Derfor veks det meir solblom på Hiskjø enn nokon annan stad i fylket. Denne vakre planta minner ikkje så reint lite om solsikke. Solblom har gått sterkt tilbake i heile landet på grunn av attgroing og bruk av kunstgjødsel (①131). (Foto: Bjørn Moe)



Ein uvanleg førekomst av slåpetorn finst ved Bømlabamn og Kalavågen på Søre Bømlo. Busken blømer tidleg om våren før lauvsprett, medan dei blåbærfarga steinfruktene blir mogle utpå hausten. Arten er vanlegare lenger sør og aust i



Noreg. (Foto: Bjørn Moe)

HUMMARPARKAR



Helge Sunde

Hummar blir stadig meir sjeldan kost. For sterk hausting gjennom mange år har ført til at bestanden er på eit lågt nivå. I 2004 var det ikkje lov å ta opp hummar som var mindre enn 25 cm lang i Hordaland. Ein slik hummar er gjerne 8-10 år gammal.

Hummarfiske har vore ei lita, men stabil næring på sørvestkysten av Noreg sidan 1600-talet. På 1800-talet kom engelskmenn med brunnbåtar for å kjøpa hummar frå vestlandskysten. Fisket har gitt god avkastning, sjølv om ein lenge har vore uroleg for overutnytting av bestanden. Tidlegare fanst det fleire hummarparkar langs kysten enn i dag. Dei vart bygd for å ta vare på levande hummar til dei tidene på året då etterspurnad og pris var høgast. På Kvitøy, Sotra og Askøy og i Fitjar har parkar vore drivne i nyare tid, og nokre få av dei er framleis i drift. Hummaren er var for temperaturskifte, så dei mest avanserte parkane vart lagde under tak for å kunna halda ein rimeleg jamn temperatur kring +15°C.

Den første hummarparken i Espevær vart bygd i 1887, og på det meste var det tre ber. Drifta stoppa i 1957. Den eine hummarparken som står att (biletet), er restaurert og er vel verd eit besøk.

Restaureringa vart påskjøna med Europa Nostra si utmerking.

Hummarfangsten blir inpsisert. Biletet er truleg frå 1930-åra.

(Oscar Schumann-Olsen)

